

Samarbeidsavtale mellom _____ kommune og Vestland fylkeskommune gjeldande Invest in Bergen og Etablerersenteret 2021-2024

Bakgrunn for avtalen

Hordaland fylkeskommune inngjekk i 2017 avtale med 22 kommunar om eit fireåring program frå 2017 til 2020 om eit samarbeid om Invest in Bergen (www.investinbergen.no) og Etablerersenteret (www.etablerersenteret.no). Dette er eit spleiselag mellom fylkeskommunen og kommunane.

Det ble inngått ein likelydande avtale som regulerte dette samarbeidet mellom fylkeskommunen og dei 22 kommunane som inngjekk i samarbeidet. Etter kommunesamanslåingane er det 17 kommunar som har avtale med Invest in Bergen og Etablerersenteret. Fylkeskommunen er avhengig av ei felles finansiering saman med kommunane for å oppretthalde dei to tenestene. Avtalen med kommunane går ut ved årsskifte 2020/2021, og fylkeskommunen ønskjer å inngå ein ny avtale med kommunane for programperioden 2021-2024.

Ny avtale

Vestland fylkeskommune ønskjer i utgangspunktet at ein ny avtaleperiode 2021-2024 skal gjelde for både Etablerersenteret og Invest in Bergen. Men det er mogeleg å berre tiltre samarbeidet om eit av tilboda viss kommunen ønskjer det. Denne avtalen regulerer dette samarbeidet.

Målsettingar

Samarbeidet sikrar at:

- **Etablerersenteret** tilbyr etablerarkurs og rådgjeving til oppstartsbedrifter og entreprenørar i alle kommunane som er med å finansiere ordninga. Etablerersenteret arbeider utadretta og samarbeider tett med eksisterande nærings- og etableraraktørar i kommunane/regionane. Ved etablering av eit heilskapleg entreprenørskapsstøttesystem i Vestland fylke, skal Etablerersenteret integrerast i denne ordninga, sjå vedlegg. Etablerersenteret vil halde fram med å ha eige kostnads- og finansieringsbudsjett.
- **Invest in Bergen** er eit program som har som målsetting å få fleire nasjonale og internasjonale verksemder til å etablere seg i regionen, samt å koordinere mottak av delegasjonar som kjem til regionen. Programmet har eit eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Invest in Bergen har ei viktig rolle i å vere kommunane sin representant i møte med investeringsinteressantar. Invest in Bergen jobbar tett saman med Invest in Norway, ein del av Innovasjon Norge sentralt.

Styringsmodell

Dei to prosjekta har følgjande styringsgrupper som er nedsett av kommunane som er med i samarbeidet:

- **Etablerersenteret:** Dagleg leiar i regionråda og næringssjef-/rådgjevar i dei kommunane som ikkje inngår i regionråd.
- **Invest in Bergen:** Politiske representantar frå kommunane, ein politikar frå Bergen kommune og to politikarar frå Vestland fylkeskommune.

Kommunane sitt bidrag inn i samarbeidet

- Kommunane bidreg med eit fast beløp per innbyggjar i kommunen.
- Kommunane er aktive samarbeidspartnarar i programma

- Kommunane, ved ordførar, deltek på årlege eigarmøte for å drøfte strategiske grep.

Fylkeskommunen sitt bidrag inn i samarbeidet

- Fylkeskommunen tar på seg arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Invest in Bergen og Etablerersenteret.
- Fylkeskommunen stiller med kontorfasilitetar og tar på seg det administrative ansvaret.
- Fylkeskommunen leiar styringsgruppene
- Fylkeskommunen bidreg med same beløp per innbyggjar som kommunane som deltek i samarbeidet.

Finansieringsmodell

Følgjande finansieringsmodell sikrar gjennomføring av oppgåvene som skissert:

Invest in Bergen:

- Kommunane bidrar med 4 kroner per innbyggjar i kommunen, rekna per 01.01 kvart år. Avtalen gjeld frå 1.1.2021-31.12.2024.
- Vestland fylkeskommune betaler 4 kroner for tilsvarende folketal som i medlemskommunane.

Etablerersenteret:

- Kommunane bidrar med 3 kroner per innbyggjar i kommunen, rekna per 01.01 kvart år. Avtalen gjeld frå 1.1.2021-31.12.2024.
- Vestland fylkeskommune betaler 3 kroner for tilsvarende folketal som i medlemskommunane.

Finansieringa syter for drifta av Invest in Bergen og Etablerersenteret med løn til dei tilsette, kostnader til kurs, reiser og arrangement, og eventuelle investeringar som kan styrke dei to programma.

Rapportering

Invest in Bergen og Etablerersenteret rapporterer fortløpande til kvar si styringsgruppe. Vestland fylkeskommune rapporterer til dei øvrige eigarane/kommunane i det årlege eigarmøtet.

Tidslengd, beløp, oppseiing og betaling

Denne avtalen gjeld for 1.1.2021-31.12.2024. Kommunane og fylkeskommunen kan seie opp avtalen i perioden. Ved oppseiing gjeld avtalen for det året den blir sagt opp samt neste kalenderår.

Fylkeskommunen fakturerer årleg kommunane for deltaking i samarbeidet.

Avtalen gjeld:

- Invest in Bergen



Vestland
fylkeskommune

Etablerersenteret

Bergen/ _____kommune Dato:

Bård Sandal

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling

Vestland fylkeskommune

Ordfører

_____Kommune